



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Høyring av søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø - Fitjar Mekaniske Verksted - Høyringsfrist 12. august 2024

Fitjar Mekaniske verkstad skal utvide industriområdet på eigedom gnr/bnr. 65/71 i Fitjar kommune basert på utfylling i sjø. Det utvida arealet trengs til skipsverftsdrifta, bl.a. utføre stålarbeid for nybygg av båtar der dette arbeidet i dag vert utført utanlands. Det skal fyllast ut ca. 17 000 m<sup>3</sup> stein over eit sjøbotnareal på ca. 3 100 m<sup>2</sup>. Utfylling skal skje frå land med gravemaskin. Det skal nyttast sprengstein av granitt til utfylling. Det er ikkje behov for mudring før utfylling for stabilisering av fyllinga. Cowi har undersøkt sjøbotn sedimenta og finn at sedimenta har lite finstoff, består av hard botn og stein og er totalt sett lite forureina.

Det pågår ein reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan<sup>1</sup> som ikkje er slutført. Reguleringsendringa har vore på høyring og kommunen held på med sakshandsaminga. Det er gitt føresegner i forslag til den endra detaljreguleringsplan som gjer føringar for gjennomføring av anleggsarbeida, sitat fellesføresegner 2.1: Ved utbygging ved sjø skal det nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen. Utfylling og ev. mudring skal berre bli utført frå juli månad og ut februar månad"

Fitjar kommune skriv i e-post 26. juni at Statsforvaltaren kan setja i gong sakshandsaminga etter forureiningslova sjølv om reguleringsendringa ikkje er klar.

### Ber om eventuelle uttaler innan 12. august 2024

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 12. august 2024. Vi utvidar høyringsfristen grunna sommarferie. Uttaler kan sendes til [fmvlp@statsforvalteren.no](mailto:fmvlp@statsforvalteren.no), merk med referansenummer 2024/9236.

Søknadsdokumenta og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

<sup>1</sup> Detaljregulering Fitjar Mekaniske Verksted PlanID 201206



Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Ingeniør Jørgensen  
Fitjar Mekaniske Verksted

**Mottakerliste:**

<b>Fiskeridirektoratet</b>	<b>Postboks 185 Sentrum</b>	<b>5804</b>	<b>BERGEN</b>
<b>Fitjar kommune</b>	<b>Postboks 83</b>	<b>5418</b>	<b>FITJAR</b>
<b>Mattilsynet</b>	<b>Postboks 383</b>	<b>2381</b>	<b>BRUMUNDDAL</b>
<b>Bergens Sjøfartsmuseum</b>			
<b>Sør-Norges Fiskarlag</b>			